

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region Vest
Postboks 5091 Majorstua Sakshandsamar: Margareth Olin Leivdal
0301 OSLO Telefon: 90665029
Vår referanse: 17/7886
Dykkar referanse: 201502307-5
Dato: 24.06.2017

Uttale til søknad om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune Sogn og Fjordane

Vi viser til oversending frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat med søknad frå Svelgen Kraft AS. Selskapet søker om framleis drift av Svelgen I og II og fornya reguleringskonsesjon av magasin og overføringar som kraftverka Svelgen I og II nyttar i Bremanger kommune. Søkjar er eit offentleg eigd selskap og søker difor om at konsesjon skal bli gjeve tidsubegrensa.

KONKLUSJON

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknader til søknad om vidare tidsubegrensa reguleringskonsesjon for Svelgen I og II. Tiltaket påverkar ikkje det marine biologiske mangfaldet vi er sett til å forvalte.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Formål og planstatus

Formålet med planen er å legge til rette for varig kraftproduksjon i dei regulerte vatna på fjellet i Bremanger, der selskapet ved å nytte vidare Svelgen I og II kan produsere kraft til om lag 12.500 husstandar med normalforbruk av kraft. Drifta av Svelgen I skriv seg tilbake til år 1915 og Christiania Spigerverk medan Svelgen II kraftverk vart bygt ut i 1956 av Christiania Spigerverk. I 1995 gjekk rettane for heimfall attende til staten vederlagsfritt. Det er etter den tid inngått avtaler med Statskraft Energi AS og Svelgen Kraft AS om drift av Svelgen I og II.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Margareth Olin Leivdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)

Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO